

Kulturdepartementet
e-post: postmottak@kud.dep.no

Førde, 15.11.2012

**Høring av rapport frå Kulturdepartementets eksterne FoU-utval:
«En kunnskapsbasert kulturpolitikk»**

Saksnr. 011/HBJ/

Vi viser til høringsbrev av 15.08.2012.

Førdefestivalen sluttar seg til dei konklusjonar rapporten kjem fram til når det gjeld trong for forskning på kulturfeltet.

Dei aktuelle forskningsområda som er nemnt i rapporten er relevante og aktuelle. Ein del av områda det er trong for meir forskning på, kan med fordel drøftast vidare og presiserast i ein dialog med praksisfeltet, altså kulturaktørane sjølve.

Vi vil vidare vektlegge behovet for ein brei og samansatt forskarkompetanse når det gjeld kulturforskning. Dette vil ein lettast kunne sikre ved etablering av eit eige forskingssenter.

Styrking av kulturforskinga kan alternativt skje ved at ein bygger vidare på ein desentralisert modell som i dag, men at ein utviklar betre samordning og samhandling mellom desse, og at ein ser på desse under eitt og styrker dei med supplerande kompetanse og auka finansiering. Vi vil peike på ein forskingsavdeling i tilknytning til Lotteri- og stiftingstilsynet burde vere aktuelt å vurdere. Desse sit allereie på stor kunnskap om frivillig sektor og ei lang rekke profesjonelle kulturinstitusjonar og –aktørar som er organsierte som stiftingar.

Ein eigen nettstad med presentasjon av nyare kulturforskning vil vere svært relevant og nyttig. Ein slik nettstad vil sjølvsagt kunne driftast av eit eige forskingssenter, dersom det vert oppretta, alternativt kan éin av noverande forskingsmiljø bli tillagt eit slikt ansvar.

Med helsing



Hilde Bjørkum
direktør

